



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	30.11.2023
Tid:	09:00

Møteplan:

- Kl. 09.00 – 09.30 Presentasjon av kontrollutval, revisjon og sekretariat
- Kl. 09.30 – 11.30 Kurs ved Deloitte i «Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet» inkludert henvendingar
- Kl. 11.30 – 12.00 Lunsj
- Kl. 12.00 – 12.30 Evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2029 - 2023
- Kl. 12.00 - Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Trygve Vik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 11/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023	2023/427	
Politiske saker			
PS 40/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad i valperioden 2019 - 2023	2023/419	
PS 41/23	Rutinar i kontrollutvalet i Kvam herad 2023 - 2027	2023/419	
PS 42/23	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan	2023/398	
PS 43/23	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte	2023/377	
PS 44/23	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2023	2023/430	
PS 45/23	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	2022/182	
PS 46/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 47/23	Eventuelt	2023/429	
Referat saker			
RS 22/23	Nytt fra FKT oktober 2023	2022/176	
RS 23/23	Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval	2023/419	

GK 11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/427-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	12/23	30.11.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Kvam herad 09.10.23.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Thon Hotel Sandven, Thon Hotel Sandven
Dato:	09.10.2023
Tid:	10:00 - 14:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Frank Jacobsen	Medlem	FRP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ramune Paulauskiene	Medl	SP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Ramune Paulauskiene (SP) har av heradsstyret fått innvilga permisjon/fritak frå vervet i kontrollutvalet. Det var ingen vara som kunne møte i staden i dette møtet.

Andre som møtte**Namn Stilling**

Torgeir Næss	Ordførar, til kl. 12.15
Astrid-Anett Steine	Oppvekstsjef, sak PS 38/23
Inga Lill Tolo	Leiar skule, sak PS 38/23
Espen Stokke	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

GK 9/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 10/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.08.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.08.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.08.2023 vert godkjent.

PS 33/23 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad i valperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet, Deloitte, ordførar og sekretariatet gjekk gjennom evalueringsskjema som er vedlagt saka. Skjemaet vart fylt ut i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.

PS 34/23 Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg og munnleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap til første møte i utvalet i 2024.
2. Den skriftlege orienteringa må også innehalde all korrespondanse med Statsforvaltaren om saka etter 31.08.2023.
3. Frist for å levere til sekretariatet er seinast innan 29.01.2024.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg og munnleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap til første møte i utvalet i 2024.
2. Den skriftlege orienteringa må også innehalde all korrespondanse med Statsforvaltaren om saka etter 31.08.2023.
3. Frist for å levere til sekretariatet er seinast innan 29.01.2024.

PS 35/23 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 06.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Kvam herad si verksemd og verksemda i heradet sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Kvam herad sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 27.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for heradsstyret i juni 2024.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 06.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Kvam herad si verksemd og verksemda i heradet sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Kvam herad sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 27.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for heradsstyret i juni 2024.

PS 36/23 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Espen Stokke, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

PS 37/23 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I dette møtet er det desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 03.10.2023
- Formannskapet 27.09.2023
- Miljø, plan og bygningsutval 26.09.2023

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 38/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Leiar i kontrollutvalet orienterte om at det er kome ei henvending til utvalet, gjeldande ei sak i høve utdanningslova § 9a. Saka inneheld persopplysningar. Det gjer at møtet må lukkast under behandlinga. Administrasjonen er også beden om å orientere munnleg om saka.

Møtet vart lukka under behandlinga av saka med heimel i kommunelova § 11-5, jf. forvl § 13 og jf. offl. § 13.

Kontrollutvalsleiar orienterte om innhaldet i hevendinga. Vidare orienterte oppvekstsjef, Astrid-Anett Steine, og leier skule, Inga Lill Tolo, om sitt syn på saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å ta informasjonen så langt til orientering. Kontrollutvalet ber også om å få tilsend tilsynsrapporten etter det pågåande tilsynet frå Statsforvaltaren/Utdanningsdirektoratet så snart den er motteke, truleg innan 01.12.2023. Vidare vart kontrollutvalet samde om å ta henvendinga inn som ein del av risiko- og vesentlegvurderinga som skal gjennomførast i første halvår 2024 som bakgrunn for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028.

Eter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsend tilsynsrapporten etter det pågående tilsynet frå Statsforvaltaren/Utdanningsdirektoratet så snart den er motteke, truleg innan 01.12.2023.
3. Kontrollutvalet tar henvendinga inn som ein del av risiko- og vesentlegvurderinga som skal gjennomførast i første halvår 2024 som bakgrunn for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028.

PS 39/23 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag, med dei endringane som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert send ut.

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møtet vart lukka under behandlinga av denne saka med heimel i kommunelova § 11-5, jf. offl. § 14.

Det kom ikkje fram forslag til endringar i konkurransegrunnlaget. Det betyr at teksten ".... med dei endringane som kom fram i møtet..." i punkt 1 i forslag til vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert send ut.

RS 20/23 Nytt fra FKT august 2023

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 21/23 Nytt fra FKT september 2023

Saksprotokoll 09.10.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/419-6
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	40/23	30.11.2023

Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad i valperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar evalueringa frå kontrollutvalet i Kvam herad i forrige periode til orientering.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med evalueringspunkta.

Samandrag

Denne saka gjer greie for resultatet av evalueringa som kontrollutvalet i Kvam herad gjorde av eige arbeid i forrige valperiode.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Skjema for evaluering valperioden 2019 - 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad evaluerte arbeidet i utvalet i valperioden 2019 – 2023, på slutten av forrige valperiode. Denne saka gjer greie for resultatet av denne evalueringa.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak PS 33/23 i møte 09.10.2023:

«Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.»

Heile resultatet av evalueringa ligg ved.

Av denne går det fram at det forrige kontrollutvalet m.a. kom med desse evalueringspunkta i uprioritert rekkefølge som utvalet i perioden 2023 – 2027 bør arbeide vidare med:

- Diskutere meir prinsipp saker og erfaringar undervegs
- Evaluere undervegs i perioden kunne vore ønskeleg
- Avklare betre kven som kan vera til stades under u.off. saker
- Administrasjonen svarar ikkje alltid innan sett frist
- Lurer på om KU er godt nok kjent
- Kanskje heile heradsstyret burde vore med på spelet i risiko og vesentlegvurderinga (ROV)?
- Godtgjersla til leiar i kontrollutvalet burde vera på same nivå som dei andre utvalsleiarane
- Heradsstyret bør orienterast om rollene til KU i folkevaldopplæringa
- Bruke god tid på å få opp problemstillingar når det gjeld bestillingar av revisjonar
- Medlemmene i KU bør ha innsikt i kommunal sektor
- Førebuing og orientering om spelet som vert brukt i risiko og vesentlegvurderinga (ROV) i KU bør vera god før ein sett i gang
- Rettleiar for henvendingar må gjerast kjent for nytt utval
- Tips til folkevaldopplæringa for kontrollutvalet:
 - Henvendingar
 - Rolleforståing
 - Vektøykassa til KU
- Alle i KU bør delta i folkevaldopplæringa på Solstrand
- Sekretariatet orientere heradsstyret ½ time i første ordinære møte 07.11.23 kl. 09.00.

Leiar i kontrollutvalet i Kvam herad i forrige periode, Gjermund Stuve vil vera til stades under behandling av saka og koma med supplerande informasjon.

Utvalet må så drøfte om dette er innspel dei vil merke seg for arbeidet i denne valperioden.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til evalueringspunkta frå kontrollutvalet i Kvam herad i forrige periode. Det vert vidare tilrådd å be sekretariatet arbeide vidare med dette.

Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad, valperioden 2019 – 2023.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, revisor og sekretariatet deltok i gjennomføringa av evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2019 – 2023. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta leia og gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Det har vore effektivt og til dels engasjerande møte. Saknar å diskutere meir prinsipp saker og erfaringar undervegs. Evaluere undervegs i perioden kunne vore ønskjeleg. Avklare betre kven som kan vera til stades under u.off. saker.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ja
3	Korleis vert kvaliteten på møtepapira vurdert?	Greie og oversiktlege. Fint med bokmerke.
4	Kor nøgd er du med møtelokala?	Dei er fine.
5	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Utfordring å identifisere kvar det er lurt å kontrollere. Administrasjonen svarar ikkje alltid innan sett frist. Har fått få signal utanfrå om ting som bør kontrollerast. Lurer på om KU er godt nok kjent. Kanskje heile heradsstyret burde vore med på spelet i ROS?
6	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Det har vore gode rammer til no. Godtgjersla til leiar i kontrollutvalet burde vera på same nivå som dei andre utvalsleiarane.
7	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Ordførar oppfattar at KU skal hjelpe til å ivareta integritet til heradet og dei gjer jobben. Er gjennomsiktlige og opne. Heradsstyret bør orienterast om rollene til KU i folkevaldopplæringa. Håvard meiner at KU kan oppfattast som ei plage for administrasjonen nokon gonger.
8	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Sjå punkt 7.
9	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Det har gått seg til etter kvart.
10	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	KU er nøgd med dette.
11	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Bør bruke god tid på å få opp problemstillingar når det gjeld bestillingar av revisjonar. Også få fram bakgrunnen for problemstillingane.
12	Korleis fungerer samhandlinga med revisor – både i høve administrasjonen og KUV? Kva kan gjerast betre?	Det fungerer veldig bra, god dialog. Revisor meiner at dialogen med administrasjonen også er god.
13	Korleis fungerte arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll?	Det fungerte bra. Spelet er pedagogisk bra, men i starten av perioden er KU urutinert. Medlemmene i KU bør ha innsikt i kommunal sektor. KU ville tenkt annleis no om risiko enn i starten av perioden. Førebuing og orientering om spelet til KU bør vera god før ein sett i gang.

14	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet - både i høve administrasjonen og KUV ? Kva kan gjerast betre?	Fint å ha tryggleiken med sekretariatet. Godt arbeid frå sekretariatet.
15	Korleis fungerer arbeidet med henvendingar til kontrollutvalet: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde - Media - Andre	Vanskeleg å handtere i starten av perioden. Når rettleiar for henvendingar kom frå FKT vart det lettare. Denne må gjerast kjent for nytt utval.
16	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde? - Forslag til tema? - Er det sett av tilstrekkeleg med ressursar til opplæring.	Korleis lage bestillingar på forvaltningsrevisjonar. Henvendingar Rolleforståing Vektøykassa til KU Har hatt nok ressursar til opplæring Alle i KU bør delta i folkevaldopplæringa på Solstrand
17	Folkevaldopplæring for kommunestyret (KS): - Er det lagt planar for dette? - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	Folkevaldopplæring for heradsstyret 24. - 25.10.23 Ønskeleg at sekretariatet orientere heradsstyret ½ time i første ordinære møte 07.11.23 kl. 09.00.
18	Andre innspel til nytt utval	Gjermund blir med på første møte i KU for å presentere evalueringa.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/419-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	41/23	30.11.2023

Rutinar i kontrollutvalet i Kvam herad 2023 - 2027

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine medlemmer får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.
6. Kontrollutvalet vedtak at kan melde seg på kontrollutvalsleiaraskulen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
7. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Kvam herad i 2024 skal haldast 29.02.2023.

Samandrag

Det er ein del praktiske rutinar som gjeld kontrollutvalet som det kan vera nyttig å få avklart, informert om og verta einige om i det første møtet i utvalet. Denne saka tek sikte på å få avklart og verta samde om slike rutinar.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I starten av valperioden er det desse rutinane/punkta som må avklarast/informerast om:

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet.
2. Teieplikt.
3. Melde avbod til møta.
4. Kontrollutvalet og media
5. Abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
6. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet
7. Aktuelle konferansar i 2024 med kontrollutval som målgruppe
8. Nyttig informasjon for kontrollutvalet
9. Møteplan

Vedtakskompetanse

Rutinlar for kontrollutvalet er omtala i kommunelova kapittel 23 «Kontrollutvalgets virksomhet»

Vurderingar og verknader

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet.

Innkalling til kontrollutvalet vert vanlegvis sendt ut 7 dagar før møtet. Innkalling vert kun sendt ut elektronisk.

Alle nyttar eigen PC eller liknande til lese sakspapira.

2. Teieplikt.

Det er kontrollutvalet som politisk organ som kan be om informasjon som er unnateke offentleggjering. Kvar enkelt utvalsmedlem kan ikkje sjølv ta kontakt med kommuneadministrasjonen med krav om å få utlevert slik informasjon.

Teieplikt for folkevalde er regulert i forvaltningslova § 13 som lyd slik:

«§ 13. (taushetsplikt).

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

1) noens personlige forhold, eller

2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.

Heile lovteksten finn ein her:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

3. Melde avbod til møta.

Avbod til møta i kontrollutvalet skal meldast så tidleg som råd til **sekretariatet**. Avbod skal vera gyldig og grunngevast.

Dette føl av kommunelova § 8-1 «Rett og plikt til å delta i møte»

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83/KAPITTEL_2-4#KAPITTEL_2-4

4. Kontrollutvalet og media

Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at det er leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media på vegne av utvalet. Det vert tilrådd at det vert gjort vedtak om dette. Dette var og praksis i forrige valperiode i heradet og i dei andre kommunane som vi er sekretariat for.

5. Abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren)

Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på «Kontroll & revisjon» (Tidlegare namn: Kommunerevisoren), som NKRF - Kontroll og revisjon i kommunene gjev ut. (Abonnement kroner 525,- årleg)

6. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet

Felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i kommunane i Hordaland fylke skal haldast på Solstrand Hotel & Bad 13.02. - 14.02.2024. Denne samlinga vert arrangert anna kvart år – kort tid etter valet og midt i perioden. Alle dei faste medlemmene har signalisert til sekretariatet at dei ønskjer å delta på denne samlinga.

7. Aktuelle konferansar mv. i 2024 med kontrollutval som målgruppe

- a) NKRF – Kontroll og revisjon i kommunene skal halde sin årlege kontrollutvalskonferanse 31.01. - 01.02.2024 på Gardermoen [NKRF – kontroll og revisjon i kommunene](#)
- b) Kontrollutvalsleiarskolen del 2 [Kontrollutvalgslederskolen del 2 | 5. - 6. februar 2024 - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)
- c) Forum for kontroll og tilsyn (FKT) skal halde sin årlege fagkonferanse 04.06. – 05.06.2024 på Gardermoen. [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Kvam herad vurderer deltaking desse konferansane.

8. Nyttig informasjon for kontrollutvalet

Som ny i kontrollutvalet kan det vera nyttig å gjera seg kjent med dette:

- a) Kontrollutvalsboka som du finn på denne lenkja: [Kontrollutvalsboka \(regjeringen.no\)](#)
 - Det kan t.d. vera nyttig å lese «Kontrollvettreglane» som du finn på side 10
- b) Forum for kontroll og tilsyn (FKT) som ein interesseorganisasjon for kontrollutval i Noreg og deira sekretariat [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

- c) Kontrollutvalet på heimesida til Kvam herad: [Kontrollutvalet - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no) Her finn du m.a.:
- Oversikt over møte og medlemmar i kontrollutvalet
 - Reglement for kontrollutvalet
 - Revisjonsrapportar
 - Årsmeldingar
- d) Budsjett forslag for kontrollarbeidet for 2024
- e) Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024
- f) Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024
- g) Prosjektplan for pågåande forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg ligg som vedlegg til anna sak til dette møtet i dag.

Dokumenta som er omtala i punkt d til f vert om ønskjeleg send på e-post til kontrollutvalet etter møtet.

9. Møteplan

I 2023 har kontrollutvalet hatt sine møte på måndagar, men vi har fått signal om at dette aldri vil passe for eit av medlemmane i utvalet. Då utvalet består av berre 5 medlemmer vil det vera føremålstenleg å finne ein vekedag som kan passe for alle.

Det er fleire omsyn som må takast når ein skal velje vekedag, t.d. kva dagar i veka andre politiske utval har sine møte. Dette både av omsyn til å få tak i eigna møterom og til at administrasjonen er ledig dersom kontrollutvalet vil ha dei inn i møtet og orientere om ei sak. På bakgrunn av dette, og møteplanen for alle andre politiske utval for 2023, er torsdag den dagen som blinkar seg ut til å vera den mest aktuelle dagen.

Det normale har til no vore at heradsstyret vedtek møteplan for neste år i desembermøtet. Vidare har kontrollutvalet venta med å lage sin møteplan til etter det. Det betyr at forslag til møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024 vert lagt fram i første møte i 2024.

Det inneber at kontrollutvalet i dette møtet bør verta samde om når det første møtet i 2024 skal haldast. Sekretariatet føreslår at første møte vert lagt til torsdag 29.02.2024, eventuelt 22.02.2024.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at forslag til vedtak vert vedteke.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/398-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	42/23	30.11.2023

Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Kvam herad verksemda i heradet sine selskap og av Kvam herad sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 29.02.2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggst fram for heradsstyret i juni 2024.

Samandrag

Kontrollutvalet får i denne saka prosjektplanen som skal vere grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll til behandling. Revisor vil utarbeide forslag til planen på bakgrunn av ei risiko- og vesentlegvurdering som er omtalt i prosjektplanen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvam herad - prosjektplan ROV-vurderingar.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I tråd med kommunelova §§ 23-3 og 23-4 skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll det første året i valperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørge for:

- å gjennomføre ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet si verksemd, verksemda i heradet sine selskap og av heradet sin eigarskap.
- å utarbeide planar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028 basert på den gjennomførde risiko og vesentlegvurderinga
- at planane blir vedtatt av heradsstyret, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden

Kontrollutvalet vedtok 09.10.2023 i sak PS 35/23 følgjande:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 06.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Kvam herad si verksemd og verksemda i heradet sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Kvam herad sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 27.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for heradsstyret i juni 2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har ansvaret for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, ref. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Prosjektplanen er ein del av dette arbeidet.

Endeleg planar vil bli vedteken av heradsstyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Vurderingar og verknader

Forslag til prosjektplan for gjennomføring av arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll er motteken og ligg ved saka. Deloitte har presentert arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i same prosjektplan, ettersom dei har ein del overlappende aktivitetar.

I samband med arbeidet vil Deloitte mellom anna nytte dokumentanalyse, statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking som metode. Dei vil gjennomføre intervju med både politiske og administrative leiarar i heradet. Det vil

bli utarbeidd ei felles risiko- og vesentlegvurdering (ROV) for både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vidare er det lagt opp til 2 prosessmøter med kontrollutvalet. I prosessmøte 1 vil utvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor heradet sitt ansvarsområde, i selskap eigd av heradet og heradet sin eigarskap. I prosessmøte 2 skal kontrollutvalet gjennomføre sin endelege prioritering av prosjekt som skal ligge i forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll som heradsstyret skal godkjenne.

Sekretariatet vurderer prosjektplanen som godt gjennomarbeidd og den viser at Deloitte har gode prosessar og rutinar for gjennomføring av slike oppdrag. Etter sekretariatet si vurdering er det viktig at dette arbeidet blir gjort på en grundig og god måte som sikrar sterk involvering både administrativt, politisk og ikkje minst at kontrollutvalet blir sterkt involvert. Sekretariatet har ikkje merknad til at det blir disponert ein ressurs på inntil det timetal som er lagt inn i prosjektplanen for begge prosjekta til saman.

I forslag til prosjektplan er det lagt opp til at arbeidet skal være ferdig tidsnok til at heradsstyret får planane til behandling i juni 2024, ev. heradsstyremøte tidleg hausten 2024. Som det går fram av vedtaket frå kontrollutvalet 09.10.2023 vart det gjort vedtak om at forslag til planar skal leggjast fram for heradsstyret i juni 2024. Sekretariatet legg difor det til grunn i sitt forslag til vedtak.

Kontrollutvalet bør i dette møtet, saman med Deloitte og sekretariatet, drøfte når det kan vere mest føremålstenleg at prosessmøte 1 og prosessmøte 2 skal gjennomførast. Prosessmøte 1 kan til dømes gjennomførast i møte 29.02.2024. Videre kan prosessmøte 2 gjennomførast i kontrollutvalsmøte i april 2024.

Dersom det blir ein slik gjennomføring av prosessen vil endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kunne leggast fram for kontrollutvalet i møte i mai 2024.

Kontrollutvalet bør også diskutere om det er andre ting Deloitte bør ta med seg vidare i dette arbeidet.

Konklusjon

Forslag til prosjektplan med dei endringar som måtte kome fram under behandlinga i møtet vert tilrådd som grunnlag for oppdraget med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for Kvam herad.



Kvam herad

Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for
forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosjektplan/engagement letter

November 2023

«Risiko- og vesentlegvurderingar og
planar for forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll - prosjektplan»

November 2023

Prosjektplan utarbeidd for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Risiko- og vesentlegvurdering	6
3.	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll	8
4.	Tid og ressursbruk	9

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i 11.10.2023, sak PS 35/23 *Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028*, utarbeidd ein prosjektplan for risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kvam herad.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 anna ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Hensikten med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 anna ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Hensikten med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Vår tilnærming til risiko- og vesentlegvurdering – involvering og forankring

I prosessen med ROV-vurderingar og utforming av planar, nyttar vi ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i heradsstyret. Med ei tilnærming der utvalet spelar ei aktiv rolle vil vi sikre at vi avdekkjer kva forvaltningsområde, kva selskap og kva eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg vil høg grad av involvering bidra til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i heradsstyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføringa av prosjekta som blir prioritert i planane.

Vi ønskjer at arbeidet med ROV-vurderingane skal gjennomførast med vekt på:

- Involvering og forankring i administrasjonen

- Involvering og forankring i heradsstyret
- Involvering og forankring i kontrollutvalet

Ei brei forankring og involvering vil sikre følgjande:

- Kontrollutvalet får informasjon om dei sentrale risikoområda i heradet
- Prosjekta kontrollutvalet vel er dei med høgast risiko
- Legitimitet for val av prosjekt i heradsstyret og i administrasjonen
- Læring og forbedring i administrasjonen

I tillegg til grunnlag for val av prosjekt, vil ROV-vurderingane også gje innspel til tema som kontrollutvalet kan følgje opp gjennom andre metodar som til dømes orienteringar frå administrasjonen.

2. Risiko- og vesentlegvurdering

2.1 Innleiing

Formålet med ROV-vurderingane er å skaffe relevant informasjon om verksemda til heradet, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje planar for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, og å prioritere mellom ulike område og selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre prosjekt.

ROV-vurderingane vil avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga og selskapa der heradet har eigarskap, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til *sannsynet for og konsekvensane av* at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som heradet har sett. Risiko vil bli vurdert innanfor alle heradet sine tenesteområde og eigarskap.

På bakgrunn av ROV-vurderinga vil det bli utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjons- og eigarskapskontrollprosjekt, og kontrollutvalet må sjølv vurdere dei ulike områda opp mot kvarandre, og avgjere kva dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.¹

2.2 Analysedokument

Det vil bli utarbeidd eitt analysedokument i samband med ROV-vurderingane som vil omfatte vurderingar av risiko og vesentlegheit knytt til både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysedokumentet vil gje eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere prosjekt, og legg slik grunnlag for både plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

2.2.1 Del 1: Forvaltningsrevisjon

Seksjon 1: Innleiing

I denne seksjonen vil vi beskrive arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og utarbeidinga av ROV-vurderinga. Vi vil også beskrive kva metodar som er nytta.

Seksjon 2: Risikoanalyse

I denne seksjonen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data knytt til kvart tenesteområde og kvart selskap, slik at det går fram kva område og kva selskap det er knytt risiko til.

Seksjon 3: Identifiserte behov for forvaltningsrevisjon

I denne siste seksjonen i del 1 vil vi samanfatte dei område det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i seksjon 2, og knytte desse til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta bort prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte 2 med kontrollutvalet (sjå avsnitt 2.3.7).

2.2.2 Del 2: Eigarskapskontroll

Seksjon 1: Innleiing

I denne seksjonen vil vi beskrive arbeidet med plan for eigarskapskontroll og utarbeidinga av ROV-vurderinga. Vi vil også beskrive kva metodar som er brukte.

Seksjon 2: Risikoanalyse

I denne seksjonen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data knytt slik at det er mogleg å peike ut kva eigarskap det er knytt risiko til.

Seksjon 3: Identifiserte behov for eigarskapskontroll

I den siste seksjonen i del 2 vil vi samanfatte dei eigarskapa det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i seksjon 2, og knytte desse til moglege eigarskapskontrollar. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta bort prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte 2 med kontrollutvalet (sjå avsnitt 2.3.7).

2.3 Metodisk tilnærming og involvering av sentrale aktørar

2.3.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tar utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå heradet. Vi vil også undersøkje kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i heradet. Desse vil samla gje eit oversyn over heradet sine mål og strategiar, samt gje eit viktig bidrag til å avdekkje område med risiko eller behov for forbedring.

¹ For ein nærare presentasjon av ROV-vurdering, sjå kapittel 6 i *Kontrollutvalsbandboka* utgjeve av kommunaldepartementet [Kontrollutvalsbandboka - regjeringen.no](http://kontrollutvalsbandboka-regjeringen.no)

2.3.2 Statistikk

Offentleg statistikk er i første rekkje henta frå KOSTRA,² og viser tal frå alle tenestoområda som blir gjennomgått i analysen. I analysen vil vi gjere ei samanlikning av heradet sine tal opp mot tal frå kommunegruppe, noko som gjev eit godt grunnlag for å finne indikasjonar på avvik eller forbettringsområde.

2.3.3 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte nyttar Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen vil nyttast både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.

2.3.4 Intervju

Vi vil gjere intervju med både politiske og administrative leiarar i heradet. Vi ønskjer å intervju rådmann, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (4-5 personar). I tillegg vil vi intervju ordførar, varaordførar og sentrale utvalsleiarar (4-5 personar). Intervjua vil bli gjennomført per telefon eller Teams for å sikre ei effektiv gjennomføring.

2.3.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile heradsstyret blir involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkningsverktøy). I denne blir desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenestoområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap heradet eig.

2.3.6 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor heradet sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der heradet har eigarinteresser, basert på eiga erfaring får arbeidet i kontrollutvalet.

I denne prosessen nyttar vi eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenestoområda i heradet. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenestoområde.

2.3.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til.

Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med.



² KØmmune-STat-RAPportering (<https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>).

3. Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Når ROV-vurderingane er gjennomførte og kontrollutvalet har prioritert prosjekta i prosessmøte 2, vil vi utarbeide utkast til plan for forvaltningsrevisjon og utkast til plan for eigarskapskontroll.

Utkast til plan for forvaltningsrevisjon vil omfatte:

- Skildring av forvaltningsrevisjon
- Skildring av ROV-vurderinga
- Liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel, tema og problemstillingar
- Liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel og tema
- Retningsliner for bestilling av prosjekt, rapportering og endringar i planen

Utkast til plan for eigarskapskontroll vil omfatte:

- Skildring av eigarskapskontroll
- Skildring av ROV-vurderinga, inkludert ei liste over eigarskapa til heradet
- Liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel, tema og problemstillingar
- Ev. liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel og tema
- Retningsliner for bestilling av prosjekt, rapportering og endringar i planen

Utforming av utkast til planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vil skje i nær dialog med kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Espen Stokke og ein prosjektmedarbeidar. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk og gjennomføringsplan

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 150 timar å gjennomføre prosjektet.

Prosjektet vil gjennomførast våren 2024, slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for heradsstyret i juni 2024, ev. i heradsstyremøte tidleg hausten 2024.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Kvam herad og Deloitte.

Bergen, 6. november 2023



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 415,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/377-16
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	43/23	30.11.2023

Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om kor langt dei er komen i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg, om alt går etter planen og om det kan vera aktuelt å justere bestillinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvam Herad - Revidert prosjektplan vedlikehald av offentlege bygg.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 19/23 i møte 05.06.2023:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 19.06.2023.
3. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.01.2024, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Under handsaming i dette møtet kom det m.a. fram dette:

- Spørsmål 2 g) må presiserast i høve innspel i møtet.
- Det er ønskjeleg med eit intervju frå skular/barnehagar i kvar bygd, til saman 5.
- At Deloitte legg inn ei brei spørjeundersøking som omfattar skular, sjukeheimar, barnehagar mv.

Korrigerert prosjektplan i tråd med punkt 2 i vedtaket over vart motteke frå Deloitte innan fristen. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, godkjente den korrigererte prosjektplanen i e-post til Deloitte 20.06.2023.

Prosjektplanen ligg ved.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibeverande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - a) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?
 - c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?
2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibeverande vedlikehald av bygningsmassen?
 - a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
 - c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
 - d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?

- e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibevarande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
 - f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
 - g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?
3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil ikkje omfatte fysiske undersøkingar av bygningsmassen. Prosjektet vil i hovudsak vektleggje vedlikehald av kommunale føremålsbygg.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metode.

Revisjonen ønskjer å gjennomføre 5 - 6 intervju med utvalde personar frå Kvam herad som er involvert i vedlikehald av offentlege bygg. I tillegg vil dei intervju utvalde representantar for brukarane av kommunale bygg frå kvar bygd i heradet, eksempelvis lærarar.

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Forvaltningsrevisjon | Kvam herad

Vedlikehald av offentlege bygg

Revidert prosjektplan

Juni 2023

«Forvaltningsrevisjon av vedlikehold av
offentlege bygg - prosjektplan»

Juni 2023

Prosjektplanen er utarbeidd for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterier	4
3	Metode	7
4	Tid og ressursbruk	8

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 26.04.2023 (sak 14/23) og innspel i møte med kontrollutvalet 05.06.2023 (sak 19/23) utarbeidd ein revidert prosjektplan for forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad.

Kvam herad forvaltar kommunale føremålsbygg på totalt om lag 58 000 kvadratmeter. Skular, barnehagar og administrasjonslokale er døme på føremålsbygg. Desse bygga er tilpassa bestemte føremål, og kan ikkje utan vidare nyttast til andre føremål. Forvaltning av kommunale føremålsbygg er ei viktig kommunal oppgåve. Dei kommunale bygga gir rammer for utvikling av lokalsamfunna og lokale tenestetilbod. Eigendomsforvaltninga representerer også ein stor del av kommunane sine utgifter. Kommunale bygg spelar også ei viktig rolle i arbeidet med klima-, energi- og miljø, då store delar av energiforbruket i Noreg er knytt til bygg og bruk av energi i bygg. Kommunale bygg kan også gjennom si universelle utforming bidra til likeverd for alle menneske.

Nøkkeltala nedanfor viser at Kvam Herad i perioden 2020 til 2022 ligg lågare enn samanliknbare kommunar når det gjeld utgifter knytt til vedlikehald av kommunale føremålsbygg. Kvam herad har i perioden 2020-2021 også hatt mindre utgifter til driftsaktivitetar enn samanliknbare kommunar, men heradet låg høgare enn kommunegruppa på utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter i kommunale føremålsbygg i 2022 (Tabell 2)

Tabell 1: Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter for kommunale føremålsbygg (kr) (Kilde: SSB)¹

	2020	2021	2022
Kvam Herad	35,2	25,4	23,4
KOSTRA-gruppe 5	88,7	81,2	80,2
Landet*	103,4	108,6	100,2

*Landet utanom Oslo

Tabell 2: Utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter for kommunale føremålsbygg (kr)²

	2020	2021	2022
Kvam Herad	487,3	507,9	695,1
KOSTRA-gruppe 5	531,7	594,6	660,9
Landet*	551,1	636,1	716,9

*Landet utanom Oslo

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?

- Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
- Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?

¹ SSB, Eiendomsforvaltning i kommunesektoren, Tabell 12905: Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehold av utvalgte kommunale formålsbygg, etter statistikkvariabel, art, funksjon, region og år.

² SSB, Eiendomsforvaltning i kommunesektoren, Tabell 12905: Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehold av utvalgte kommunale formålsbygg, etter statistikkvariabel, art, funksjon, region og år.

- c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?
- 2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibeverande vedlikehald av bygningsmassen?**
- a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
 - c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
 - d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
 - e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibeverande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
 - f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
 - g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?
- 3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?**

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil ikkje omfatte fysiske undersøkingar av bygningsmassen. Prosjektet vil i hovudsak vektleggje vedlikehald av kommunale føremålsbygg.³

³ Skular, barnehagar og administrasjonslokale er døme på føremålsbygg. Desse bygga er tilpassa bestemte føremål, og kan ikkje utan vidare nyttast til andre føremål.

2 Revisjonskriterier

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Overordna lovkrav

Av lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) § 31-1 går følgjande fram:

Eieren eller den ansvarlige skal holde byggverk og installasjoner som reguleres av denne loven, i forsvarlig stand, slik at det ikke oppstår vesentlig ulempe for eller fare for skade på personer, eiendom eller miljø.

I kommunelova § 25-1 går det fram at kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir etterlevd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vidare vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen er det kommunedirektøren si oppgåve å:

- a) utarbeide ei skildring verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekkje og følgja opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentera internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluera og ved behov forbetra skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

2.3 Standardar og beste praksis

Eigedomsforvaltning er eit mindre lovregulert område samanlikna med andre saksområda innanfor den kommunale forvaltninga. Derfor vil standardar og beste praksis frå offentlege utredningar og anna kunnskapsgrunnlag vere sentrale revisjonskriterier.

2.3.1 Vedlikehaldsstrategi

Regjeringa oppnemnte ved kongeleg resolusjon av 21. november 2003 eit utval («Eigedomsforvaltningsutvalet») for å gjennomgå og evaluere eigedomsforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar. Utvalet skulle mellom anna stille opp kriterium for god eigedomsforvaltning. Eigedomsforvaltningsutvalet viser til at første kriterium for god eigedomsforvaltning er at eigaren av eit bygg fastset dei målsettingane, prioriteringane og rammene som eigedomsforvaltninga skal styrast etter. Andre kriterium, ifølgje eigedomsforvaltningsutvalet, er at det må vere eit rasjonelt (målretta) system for planlegginga og styringa av eigedomsforvaltninga, basert på tilstandsinformasjon og planlegging av tiltak.

Eigedomsforvaltningsutvalet peiker i NOU 2004:22, «*Velholdte bygninger gir mer til alle*», på at planmessig vedlikehald er lønsamt over tid, og vil medføre lågare forvaltningskostnader enn dersom vedlikehaldet blir utført etter «brannslukningsmetoden». Eigedomsforvaltningsutvalet definerer planmessig vedlikehald som:

(...) tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendige for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. I dette inngår også utskifting av komponenter, for eksempel utskifting av fugemasse, utskifting av listverk, dører, vinduer osv.⁴

Eigedomsforvaltningsutvalet viser til at eit vanleg alternativ til planmessig vedlikehald er å la bygg forfalle gradvis før det blir gjennomført større rehabiliteringar.

⁴ Eigedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004: 22. «Velholdte bygninger gir mer til alle»

I ein rapport utarbeidd på oppdrag for Kommunanes Sentralforbund (KS), blir det vist til at «en vedlikeholdsstrategi omfatter og konkretiserer målsettinger for vedlikeholdet av bygningsmassen og beskriver hvordan målene skal nås.»⁵ Vidare blir det vist til at alternativet til ein definert strategi ofte er ein umedviten «akuttstrategi» der vedlikehaldsarbeidet ber preg av «brannsløkking». Dette gjev totalt sett eit meir kostbart vedlikehald. Ifølgje rapporten må ein vedlikehaldsstrategi som eit minimum tilfredsstillende dei lovpålagte krava i plan- og bygningslova.

Vidare blir det peika på at vedlikehaldsstrategien normalt har «eit verdibevarande vedlikehald» som fundament. Dette inneber at eigaren forpliktar seg til å oppretthalde verdien på bygga sine gjennom levetida ved å sørgje for tilfredsstillande vedlikehald.⁶ Det blir konstatert at utarbeiding av vedlikehaldsstrategi er eigar sitt ansvar, og at «ambisjonsnivå for tilstand og standard må ha en politisk forankring.»⁷ Det blir også vist til at ein vedlikehaldsstrategi kan referere til målbare krav jf. NS 3424 (sjå meir om denne standarden på side 6).

2.3.2 Verdibevarande vedlikehald

Ifølgje st.prp.nr.61 (2005 – 2006) er det «en sentral målsetting at dagens vedlikeholdsetterslep fjernes, samtidig som man unngår at nytt etterslep oppstår». Det blir også vist til at for å oppnå dette, må kommunesektoren auke driftsutgiftene til vedlikehald. Av melding til Stortinget nr. 28 (2011–2012) går det fram at det offentlege skal ha framtidsretta og kostnadseffektive bygg.

I KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald frå 2009, blir det vist til at anslått årleg vedlikehaldsbehov, for å ha eit verdibevarande vedlikehald, vil vere 100 kroner per m² ved 30 års levetid og 170 kroner per m² ved 60 års levetid (inkludert naudsynte oppgraderingar).⁸ Dette er eit gjennomsnitt basert på vedlikehaldsbehovet til ulike bygningstypar, og arealfordelinga mellom bygningstypene.

Det blir vidare peikt på at utan, eller ved lågt vedlikehald, vil bygget vere slitt ned etter 15-20 år og kommunen blir «løpande» mellom akutte situasjonar og offentlege pålegg som krev ekstraordinære løyvingar. Det går også fram at manglande vedlikehald tvinger fram ei tidlegare totalrehabilitering, som vil kunne auke driftsutgiftene (inkludert årlege renter og avdrag) til langt meir enn 100 kroner per m² per år. KS konkluderer i sin rettleiar med at eit godt kontinuerleg vedlikehald er lønsamt.

I rettleiaren blir det vidare vist til relevant regelverk og oppsummeringa

«Grovt sett kan man si at dersom kommunen følger lover og forskrifter for sine bygg har man også en rimelig godt vedlikeholdt bygningsmasse som ivaretar brukernes behov for helse, miljø og sikkerhet i den daglige virksomheten.»⁹

I NOU 2004:22, «Velholdte bygninger gir mer til alle» er det lista opp fire overordna kriterium for god eigedomsforvaltning. I kriterium 3 er godt, verdibevarande vedlikehald framheva.

Tabell 3: Kriterium for god eigedomsforvaltning¹⁰

Kriteriar	Beskriving
Kriterium 1	Det foreligger overordnede politisk bestemte mål for eiendomsforvaltningen
Kriterium 2	Det foreligger et rasjonelt system for planlegging og styring av eiendomsforvaltningen
Kriterium 3	Generelle delkriterier: • Tilfredsstillende prioriterte brukerbehov • Effektiv arealutnyttelse • Godt, verdibevarande vedlikehold • Kostnadseffektiv eiendomsforvaltning • Måltrettet utvikling av eiendommens kvaliteter • En hensiktsmessig organisering av eiendomsforvaltningen • Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter
Kriterium 4	Lovpålagte krav overfor eier og bruker blir ivare tatt.

⁵ Multiconsult og PwC (2008): Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde.

⁶ Multiconsult (2008): «Vedlikehold i kommunesektoren. Areal, tilstand, oppgraderingsbehov, vedlikeholdsstrategi». Appendiks 1.

⁷ Ibid

⁸ Vedlikehaldsbehovet er utrekna i 2008/2009 og reflekterer difor kostnadsnivåa i 2008/2009.

⁹ KS 2009. «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn»

¹⁰ Eigedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004: 22. «Velholdte bygninger gir mer til alle», s. 13

2.3.3 Tilstandsinformasjon

Informasjon om tilstanden til eit bygg er eit viktig element for planlegging og styring av eigendomsforvaltninga. For å sikre ei rasjonell, kostnadseffektiv og formålseffektiv eigendomsforvaltning må det innhentast informasjon om eigendommene og forvaltninga sin tilstand for å vurdere mot vedtekne mål og standardar og kva tiltak det er føremålstenleg å sette i verk slik at desse skal bli oppfylt.¹¹

I samband med denne forvaltningsrevisjonen vil vi nytte tilstandsgradene som går fram av Norsk Standard 3424 (NS3424), *Tilstandsanalyse for byggverk. Innhold og gjennomføring*.¹² I NS3424 blir fire graderingar for vurdering av tilstandsgrad for eit bygg presentert. Desse er framstilt i tabell 4 under.

Tabell 4: Kartlegging av tilstand jf. NS3424

Tilstandsgrad	Tilstand jamfør referansenivået	Skildring
0	Ingen avvik	Veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slitasje og elde frå nybyggstandard Ingen symptom på avvik
1	Mindre eller moderate avvik	God, tilfredsstillande standard, der alle lovar og forskrifter er ivareteke. Noko slitasje og elde frå nybyggstandard.
2	Vesentlege avvik	Eit visst omfang av feil og manglar som krev teknisk utbetring og/eller avvik frå lovar og forskrifter.
3	Stort eller alvorleg avvik	Omfattande skadar, feil og manglar. Mykje slitasje. Monaleg behov for teknisk utbetring. Avvik frå lovar og forskrifter.

2.3.4 Rapportering og avgjerdsgrunnlag

Heradsstyret gir eigendomsforvaltar i oppgåve å rapportere i kva grad dei kommunale bygga og dei offentlege krava er tilfredsstilt. I følge KS sin rettleiar «*Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn*»¹³ er det eit minimumskrav til eigendomsforvaltarane er at dei rapporterer tilstand på all kommunal bygningsmasse, med forslag til prioriteringar og berekna utbetningskostnader. Rapporten kan og bør også inngå i kommunane sin årsrapport.

¹¹ Eignedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004: 22. «Velholdte bygninger gir mer til alle», s. 38

¹² Heretter omtala som NS3424

¹³ KS 2009. «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn»

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om heradet og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Kvam herad som er involvert i vedlikehald av offentlege bygg. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 5-6 intervju. I tillegg vil vi intervju utvalde representantar for brukarane av kommunale bygg frå kvar bygd i heradet, eksempelvis lærarar. Utvalet av personar vil bli gjort med bakgrunn i anna dokumentasjon og data som seier noko om kva bygg det er eventuelt knytt størst utfordringar til. Det vil vere aktuelt å gjennomføre intervju med inntil 5 representantar for brukarane av bygga.

3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til eit utval leiare, tillitsvalde og verneombod i kommunen for å få informasjon om korleis dei som brukarar av kommunale bygg mellom anna vurderer tilstanden til bygga og vedlikehaldsarbeidet i kommunen. Undersøkinga vil omfatte skular, sjukeheimar, barnehagar mv.

3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte informasjon om vedlikehaldskostnader frå KOSTRA for å samanlikne Kvam herad sine vedlikehald- og driftskostnader med gjennomsnitt for kommunegruppa, fylket og landet. Eventuelle andre tilgjengelege statistikkar og oversikter kan også bli nytta dersom dei blir vurderte som relevante for å svare på problemstillingane.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuar for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Espen Stokke (seniorkonsulent) og ein medarbeidar (konsulent eller seniorkonsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 310 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i heradsstyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i heradsstyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere juni 2023 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av januar 2024. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at heradet sender over etterspurt dokumentasjon inkludert stikkprøvar innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Kvam herad og Deloitte.

Bergen, 19. juni 2023



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2023 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	44/23	30.11.2023

Deloitte presenterer interimstrevisjonsrapport for 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2023 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimstrevisjonen i Kvam herad for rekneskapen for 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Rapportering etter interimstrevisjon 2023 Kvam herad.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Videre har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ein forsvarleg revisjon, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein tryggande måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

I møte i kontrollutvalet 28.08.2023 orienterte Deloitte om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2023 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2023.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Kvam herad sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at Kvam herad har ein forsvarleg revisjon.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å komme med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Oppsummeringa ligg ved.


Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjonen for 2023 frå Deloitte AS til orientering.




Rapportering etter interimsrevisjon 2023

Kvam herad 2023



Revisjonsplan


Kvam herad 2023





Internkontroll knytt til finansiell rapportering

Vi har vurdert internkontrollen som er relevant for den finansiell rapporteringa i kommunen sine sentrale verksemdsprosessar. Dette inneber at vi har vurdert både dei overordna prinsippa for internkontroll og de viktigste kontrollaktivitetane for sentrale verksemdsprosessar.





Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 415,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/182-44
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	45/23	30.11.2023

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad er kome noko lenger i forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til møte i utvalet i april 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 08.04.2024.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i Kvam heradsstyre 28.03.2023, når det gjeld forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding til Kontrollutvalet vedk. oppfølging av forvaltningsrevisjon i skule.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak 25/23 i møte 28.03.2023:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.
3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.
4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.
5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.
6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

I samband med at kontrollutvalet behandla handlingsplan i tråd med punkt 6 i vedtaket over vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at vedtakspunkta 1, 2 og 3 er ferdig gjennomført og tar handlingsplanen frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til første møte i utvalet i 2024.
3. Dersom forbetningsarbeidet på desse 2 punkta ikkje er ferdig gjennomført innan denne fristen ber kontrollutvalet om at det i svaret vert antyda tidspunkt for når arbeidet skal vera fullført.
4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 30.01.2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader


Kontrollutvalet valde i møtet å endre fristen for oppfølging av punkt 4 og 5 i vedtaket frå heradsstyret 28.03.2023 i denne forvaltningsrevisjonen frå 06.11.2023 til 30.01.2024. Sekretariatet har likevel motteke vedlagte brev med dagsett 03.11.2023 frå rådmannen som inneheld status for oppfølging av desse punkta.

Sekretariatet har merka seg av tilbakemeldinga at heradet vil nytta rammeavtale med Bedriftshelse1 for å henta inn kompetanse på psykososialt arbeidsmiljø. Bedriftshelse1 har avtale om psykologbistand frå Sense PKT AS i Bergen. Vidare har vi merka oss at det ikkje er sett endeleg sluttdato for arbeidet som er sett i gang.

Kontrollutvalet bør på bakgrunn av dette be om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på oppfølging av vedtakspunkta 4 og 5 i denne forvaltningsrevisjonen til det andre møte i utvalet i 2024, som truleg vert halde i slutten av april.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad er kome noko lenger i forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet for punkta 4 og 5 til møte i utvalet i april 2024, med frist for levering til sekretariatet til 08.04.2024.



Kvam Kontrollutval v/Roald Breistein

Vår ref.: DokumentID 23/27745

Dykkar ref.:

Dato: 03.11.2023

TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET VEDK. OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON I SKULE

Viser til vedtak PS21/23 i Kontrollutvalet 5.6.23 der utvalet ber om tilbakemelding på punkt 4 og 5 i handlingsplanen – forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrer og vikarbruk innan 6.11.23. Om punkta ikkje er fullført ber utvalet om at det i svaret vert antyda tidspunkt for når arbeidet skal vera fullført.

Korleis oppfølgingspunkt 4 og 5 skulle følgjast opp vart drøfta i møte med aktuelle hovudtillitsvalde og hovudverneombod 25.8.23. Imøtet vart ein samde om å nytta rammeavtalen med Bedriftshelse1 for å henta inn kompetanse på psykososialt arbeidsmiljø. Bedriftshelse1 har avtale om psykologbistand frå Sense PKT AS i Bergen.

Kvam herad med hovudtillitsvalde og hovudverneombod hadde planleggingsmøte med Sense PKT 16.10.23 og organisasjonspsykolog Jøri Gytte Horverak starta oppfølgingsarbeidet i skulen 20.10.23. Arbeidet pågår framleis og det er avtalt statusmøte med aktuelle tillitsvalde og verneombod 7.11.23 og med leiinga 9.11.23. Det er ikkje sett endeleg sluttdato.

Den interne oppfølginga gjennom medarbeidarundersøking og HMS-undersøking er sett i gang 23.10.23. Undersøkingane er publiserte og tilgjengelege tom 12.11.23. Deretter startar oppfølgingsarbeidet ved den einskile arbeidsplass etter eit felles metodikk utarbeidd av KS.

Organisasjonspsykologen ynkjer også å sjå resultata frå medarbeidar- og HMS-undersøkingane for å nytta dei i sitt arbeid.

Helsing

Anita Hesthamar
Rådmann
Telefon: 916 17 909

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/428-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	46/23	30.11.2023

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	
Formannskapet	
Miljø, plan og bygningsutval	

Samandrag

Kontrollutvalet i Kvam herad har hatt tradisjon for å gjennomgå møteprotokollane frå dei andre politiske utvala. Det vert her invitert til å drøfta om kontrollutvalet i ny valperiode ønskjer å arbeida på same måten.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad har hatt tradisjon for å gjennomgå møteprotokollar frå dei andre politiske utvala. Det vert her invitert til å drøfta om kontrollutvalet i denne valperiode ønskjer å arbeida på same måten. I så fall bør ansvaret fordelast på utvalsmedlemane.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til heradet [Møteplan 2023 - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no)

Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang:

- | | |
|--------------------------------|----------------------|
| • Heradsstyret | 17.10. og 07.11.2023 |
| • Formannskapet | 01.11. og 22.11.2023 |
| • Miljø, plan og bygningsutval | 31.10. og 21.11.2023 |

Sekretariatet har gjennomgått desse møteprotokollane, og har lagt saker som vi meiner kan vera aktuelle for kontrollutvalet å vita om i denne omgang, inn som referatsaker i møteinnkallinga.

Konklusjon

På bakgrunn av dei erfaringane som er gjort tidlegare er det ei føremon at kontrollutvalet held seg oppdatert på kva som skjer i andre politiske utval. Sekretariatet vil difor tilrå at det nye kontrollutvalet vurderer å fordele ansvar for gjennomgang av møtebøker.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/429-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	47/23	30.11.2023

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å behandle sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå rådmann eller andre i eit seinare møte.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 27.10.2023 11:39:54
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT oktober 2023



Forum for
kontroll og tilsyn



Spørsmål og svar om konstituering

Regjeringen har lagt ut en veileder om det konstituerende møtet i kommunestyrene og fylkestinget og valg til folkevalgte organer. Her er også en rekke spørsmål og svar som departementet nå har publisert. Denne listen over spørsmål og svar vil også bli oppdatert med nye spørsmål etter hvert som de dukker opp, så følg med.

[Les rapporten](#)



Kommunale kontrollutvalg – lokaldemokratiets vaktbikkje

– Det går nesten ikke en dag uten at man inviteres til å lese eller høre overskrifter om svik, skriver Tom Øyvind Heitmann, styremedlem i Forum for kontroll og tilsyn.

Les debattinnlegget



Kommunal- og
distriktsdepartementet

Ny veileder om reglene for interkommunalt samarbeid

Veilederen omtaler hvilke regler som gjelder for

interkommunalt samarbeid generelt, og har egne kapitler om samarbeidsmodellene vertskommunesamarbeid, interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgavefelleskap.

[Les veilederen](#)



Habilitet på dagsordenen

Habilitet er høyaktuelt i nasjonal politikk for tiden. Det er et like viktig spørsmål i lokalpolitikken. Habilitet er også et helt sentralt tema i KS Folkevalgprogram.

[Les rapporten](#)



Kommunal- og
distriktsdepartementet

Kartlegging av lovoppfyllelse i norske kommuner

Alle kommuner har det samme lovpålagte ansvaret for å løse oppgaver, men ikke alle kommuner greier å løse oppgavene. Kommunedata.no viser graden av lovoppfyllelse i kommunene.

[Les rapporten](#)

Hold deg oppdatert med FKT



Kontrollutvalgslederskolen har som mål å gjøre lederne tryggere i rollen.

Å delta på Kontrollutvalgslederskolen er en mulighet til å tilegne seg forståelse for kommunal egenkontroll og kontrollutvalgets rolle utover det som kan tilbys i ordinære konferanser.

Les mer her:

[Under "konferanser" finner du oversikt over FKTs fagsamlinger høsten 2023 og våren 2024.](#)





Copyright © 2023 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.
Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?
Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



FOLKEVALDOPPLÆRING FOR KONTROLLUTVALA I VESTLAND FYLKE

13. – 14. februar 2024

**Solstrand Hotel & Bad
Solstrandveien 200
5201 Os**



Praktiske opplysningar

Stad: [Solstrand Hotel & Bad](#), Solstrandveien 200, 5201 Os, telefon: 56 57 11 00

Tid: Registrering (og noko å bita i) frå 13. februar 2024 kl. 09:15

Start: 13. februar 2024 kl. 10:00

Slutt: 14. februar 2024 kl. 15:00

Arrangør: Vestland fylkeskommune, v/ sekretariat for kontrollutvalet.

Oppgjer: Pris pr. deltakar er stipulert til ca. kr. 4.150. Dette skal dekke det hotellet skal ha for heile opphaldet og faktura vert i si tid send frå hotellet direkte til den einskilde kommune.

Du får fri tilgang til Solstrand si gode velvære-avdeling.

Påmeldingsfrist: **05.12.23**

Påmelding primært til:

Helge Inge Johansen | helge.inge.johansen@vlfk.no | Mob. 402 03 664

Andre kontaktopplysningar:

kontrollutvalet@vlfk.no

Hogne Haktorson | hogne.haktorson@vlfk.no | Mob. 911 05 982

Diverse

- Henvisingane i programmet til diverse kapittel gjeld kontrollutvalsboka.
- Eventuelle allergiar, som hotellet må få beskjed om, meldast til sekretariatet snarast.

Kontrollutvalsboka:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/21335c97143a404c8fec4f17d624c455/nn-no/pdfs/h-2355-n-kontrollutvalsboka-3-utgave.pdf>

Program dag 1: 13.2.2024

Tid	Tema	Førelasar
09.15	Registrering / noko å bita i	
10.00	Opning	Kontrollsjef VLFK Hogne Haktorson
10.10	Forventningar til kontrollutvalet	Ordførar i Bjørnafjorden kommune, Terje Søviknes
10.25	Lovgrunnlag for kontrollutvalet	Sekretariatet, VLFK v/ Einar Ulla
10.40	Informasjon om Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	FKT v/ generalsekretær Anne-Karin F. Pettersen
10.55	Roller, ansvar og henvendingar Kap 2, 3 og 4	Sekretariatet, VLFK v/ Roald Breistein og Kjartan Haugsnes
11.25	Beinstrekk	
11.35	Roller, ansvar og henvendingar Gruppearbeid Kap 2, 3 og 4	Sekretariatet, VLFK v/ Roald Breistein og Kjartan Haugsnes
12.15	Presentasjon av gruppearbeid	
12.30	Lunsj	
13.30	Kontrollutvalsmøte Korleis skape interessante og engasjerande møte?	Sekretariatet, VLFK v/ Kjartan Haugsnes
13.50	Kva kan kontrollutvalet forvente av sekretariatet? Kva kan kontrollutvalet forvente av revisjonen? Kap 3	Kontrollsjef VLFK Hogne Haktorson og Birte Bjørkelo, Deloitte

14.35	Beinstrekk	
14.50	Kva er kontrollutvalet sine oppgåver og kva skal ikkje kontrollutvalet gjere? Kap 3	Birte Bjørkelo, Deloitte
15.35	<i>Kaffipause</i>	
15.50	Kva betyr kontrollutvalet sitt arbeid for kommunedirektøren	Bømlo kommune, kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter
16.20	Korleis kan ein legge til rette for god samhandling mellom kontrollutvalet og kommuneadministrasjonen Kap 4	SEKOM sekretariat v/ dagleg leiar Arnar Helgheim
16.50	Dag 1 slutt	
19.30	Middag	



Program dag 2: 14.2.2024

Tid	Tema	Førelasar
09.00	Kontrollutvalet sitt ansvar for rekneskapsrevisjonen Planer, interimsrevisjon, forenklet etterlevingskontroll, årsrekneskap	BDO AS v/ partner Solveig Bø Dalstø.
09.25	Kontrollutvalet sitt «påsjå» ansvar – samspel, roller og oppgaver Kap 9	Sekretariatet, VLFK v/ Einar Ulla
09.45	Risiko og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll Kap 6	Deloitte AS v/ partner Birte Bjørkelo
10.30	Kaffipause og utsjekking	
10.50	Kva inneber eigarskapskontroll og kva er forskjellen på eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap? Kap 8	Birte Bjørkelo, Deloitte
11.30	Forvaltningsrevisjon og rolla til kontrollutvalet Kap 7	Sekretariatet, VLFK v/ Roald Breistein
12.30	Lunsj	
12.50	Gruppearbeid	Gruppearbeid
13.35	Presentasjon av gruppearbeid	Presentasjon v/gruppene
14.05	Korleis synleggjera kontrollutvalsarbeidet og kven er målgruppa Kap 5	Sekretariatet, VLFK v/ Kjartan Haugsnes
14.15	Kaffipause	
14.30	Tips frå ein erfaren kontrollutvalsleiar	Stord kontrollutval, Fredrik Litleskare
14.45 - 15.00	Oppsummering / avslutning	Hogne Haktorson, VLFK

